

## KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 886/2009

2015/EØS/18/29

av 25. september 2009

om godkjenning av preparatet av *Saccharomyces cerevisiae* CBS 493.94 som tilsetjingsstoff i fôrvarer for hestar (innehar av godkjenninga: Alltech France)(\*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 av 22. september 2003 om tilsetningsstoffer i fôrvarer<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 9 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtarne:

- 1) Forordning (EF) nr. 1831/2003 inneheld føresegner om godkjenning av tilsetjingsstoff i fôrvarer og om vilkår og framgangsmåtar for å gje slik godkjenning.
- 2) I samsvar med artikkel 7 i forordning (EF) nr. 1831/2003 er det sendt inn søknad om godkjenning av det preparatet som er ført opp i vedlegget til denne forordninga. Saman med søknaden var òg dei opplysningane og dokumenta sende inn som krevst i medhald av artikkel 7 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1831/2003.
- 3) Søknaden gjeld godkjenning i kategorien «avlstekniske tilsetjingsstoff» av preparatet av *Saccharomyces cerevisiae* CBS 493.94 som tilsetjingsstoff i fôrvarer for hestar.
- 4) Bruken av dette preparatet vart mellombels godkjend for hestar ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1812/2005<sup>(2)</sup>.
- 5) I fråsegna si av 4. mars 2009 slo Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (heretter kalla

«Styresmakta») fast at preparatet av *Saccharomyces cerevisiae* CBS 493.94 ikkje har nokon skadeverknad på dyrehelsa, menneskehelsa eller miljøet, og at bruken av preparatet kan betre fordøyinga av fibrar monaleg hjå hestar<sup>(3)</sup>. Styresmakta reknar ikkje at det er naudsynt med særlege krav om overvaking etter marknadsføring. Ho stadfesta dessutan den rapporten om metoden for analyse av tilsetjingsstoffet i fôrvarer som er lagd fram av referanselaboratoriet til Fellesskapet, som vart skipa ved forordning (EF) nr. 1831/2003.

- 6) Vurderinga av preparatet viser at dei vilkåra for godkjenning som er fastsette i artikkel 5 i forordning (EF) nr. 1831/2003, er oppfylte. Bruken av preparatet bør difor godkjennast slik det er fastlagt i vedlegget til denne forordninga.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1*

Preparatet som er ført opp i vedlegget og tilhører kategorien «avlstekniske tilsetjingsstoff» og funksjonsgruppa «fordøyingbetrande middel», vert godkjent som tilsetjingsstoff i fôrvarer på dei vilkåra som er fastsette i vedlegget.

*Artikkel 2*

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunnjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferd i Brussel, 25. september 2009.

*For Kommisjonen*

Androulla VASSILIOU

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunnjort i EUT L 254 av 26.9.2009, s. 66, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 22/2010 av 12. mars 2010 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 30 av 10.6.2010, s. 15.

<sup>(1)</sup> TEU L 268 av 18.10.2003, s. 29.

<sup>(2)</sup> TEU L 291 av 5.11.2005, s. 18.

<sup>(3)</sup> *The EFSA Journal* (2009) 991, s. 1-14.

## VEGLEGG

Identifikasjonsnummeret til tilsetjingsstoffet	Namnet til innehavaren av godkjenninga	Tilsetjingsstoff	Samansetnad, kjemisk formel, forklaring, analysemetode	Dyreart eller dyregruppe	Høgste alder	Lågaste innhald	Høgste innhald	Andre føresegner	Godkjenninga gjeld inntil
						KDE/kg fullfør med eit vassinnhald på 12 %			
<b>Kategori: avlstekniske tilsetjingsstoff. Funksjonsgruppe: fordøyingsbetrande middel.</b>									
4a1704	Alltech France	<i>Saccharomyces cerevisiae</i> CBS 493.94	Samansetnaden til tilsetjingsstoffet: Preparat av <i>Saccharomyces cerevisiae</i> CBS 493.94 som inneheld minst: Fast form 1 x 10 <sup>9</sup> KDE/g tilsetjingsstoff Karakteristikk av det aktive stoffet: <i>Saccharomyces cerevisiae</i> CBS 493.94 Analysemetode(1): Teljing: Platespreiingsmetoden med bruk av glukoseagar med gjærekstrakt og kloramfenikol. Identifisering: Polymerasekjedereaksjon (PCR)	Hestar	—	1,6x10 <sup>9</sup>	—	1. Bruksrettleinga for tilsetjingsstoffet og premiksen skal innehalde opplysningar om lagringstemperatur, lagringstid og pelleteringsstabilitet. 2. Tiltrådde dosar: 4,7x10 <sup>9</sup> KDE/ kg fullfør.	16.10.2019

(1) Nærmarce opplysningar om analysemetodane er å finne på nettsidaen til referanselaboratoriet til Fellesskapet: [www.irmm.jrc.be/crl-feed-additives](http://www.irmm.jrc.be/crl-feed-additives)